






GAULAR KOMMUNE		MØTEBOK	
KONTROLLUTVALET I GAULAR KOMMUNE			
Møtestad:	Møterommet	Møtedato:	01.02.2011
	Kommunehuset på Sande (møterom)	Frå kl.:	11.00
		Til kl.:	14.15
Faste medlemmer i Kontrollutvalet:			
	Møtte:	Forfall:	Merknader:
1. Svein Myrmel, 6973 Sande i Sunnfjord. (leiar)	X		
2. Magnar Hellebust, 6978 Viksdalen (nestleiar)	X		
3. Aud Ingunn Kvile, 6973 Sande	X		
4. Per Lien, Hestagrend, 6973 Sande i Sunnfjord		X	Meldt
5. Heidi Vallestad, 6978 Viksdalen	X		
Varamedlemmer:			
	Møtte:		
1. Steinar Ness, 6978 Viksdalen.		X	For kort varsel
2. Gunnar Råheim, 6978 Viksdalen		X	For kort varsel
3. Joar Kirketeig, 6973 Sande i Sunnfjord.		X	For kort varsel
4. Mette Grytten, 6977 Bygstad.		X	For kort varsel
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:			
Rådmann Helge Følid får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møte.			
Andre som møtte:			
SEKOM-sekretariat Asgeir Tveit.			
KRYSS-revisjon: Charles Litsheim sak 02/11.			
Skule- og kultursjef Jetvard Kalland sak 03/11.			
Rådmann Helge Følid sak 03/11.			
Saker som vart handsama / drøfta i møtet:			
SAKLISTA I MØTET:			
Sak 01/11: Skriv og meldingar			
Sak 02/11: Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Vurdere bemanning og ressursbruk på tenesteområdet teknisk sektor - tinging.			
Sak 03/11: Orientering - Skule- og kulturetaten i Gaular.			
Sak 04/11: Møteplan 2011 - kontrollutvalet.			
Sak 05/11: Årsemndling 2009 - kontrollutvalet.			
Sak 06/11: Eigenvurdering oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.			
Sak 07/11: Fullmakt til FKT om å leggje ut rapportar på heimesida.			
Sak 08/11: Oppfølgingsliste 1-2011 Gaular.			
Sak 09/11: Eventuelt.			
Sak 10/11: Orientering om teknisk sektor.			
Merknader:			
Det var ingen merknader til innkalling eller saksliste			
UNDERSKRIFTER:			
		6973 Sande i Sunnfjord	
			
Svein Myrmel, leiar		Aud Ingunn Kvile	
			
Heidi Vallestad		Magnar Hellebust	
			
Asgeir Tveit			

001/11 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 26.01.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2011	01/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 01/11: Medlemsbrev nr. 1/2011 FKT.
SM 02/11: Brev frå KRYSS-revisjon til Gaular kommune om rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, datert 05.01.2011.
SM 03/11: Brev frå KRYSS-revisjon til Gaular kommune om avslutning av årsrekneskapen for år 2010, datert 06.01.2011.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

02/11: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – VURDERE RESSURSBRUK OG BEMANNING PÅ TENESTEOMRÅDET TEKNISK SEKTOR - TINGING

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

Dato: 26.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2011	02/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Forslag til tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssak 14/08 og 25/10.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Tinginga for prosjektet "Vurdere bemanning og ressursbruk på tenesteområdet teknisk sektor" vert godkjent.
2. Tingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Kontrollutvalet vurderer forvaltningsrevisjon inn mot innkjøpsfunksjonen i kommunen.
- Alternative prosjekt er:
 - a) Ei generell vurdering av om regelverket for kommunale innkjøp vert etterlevd.
 - b) Vurdering av skrivne avtalar og oppfølging av desse vedrørende drift og vedlikehald av veg.
- KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat får i oppgåve å føreta ein førehandsanalyse før endeleg val av prosjekt..

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – VURDERE RESSURSBRUK OG BEMANNING PÅ TENESTEOMRÅDET TEKNISK SEKTOR - TINGING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt ”Vurdere ressursbruk og bemanning på tenesteområdet Teknisk sektor.”

Saksopplysningar:

Det vart i 2008 gjennomført overordna analyse som var grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon. I kontrollutvalsmøte 03.11.2008 i sak 014/08 Plan for forvaltningsrevisjon 2008 – 2011 gjorde kontrollutvalet tilråding til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon med prioritert oppsett av prosjekt. I kommunestyremøte 04.12.2008 i sak 048/08 Plan for forvaltningsrevisjon 2008 – 2011 godkjente kommunestyret planen.

I kontrollutvalsmøte 11.11.2010 under sak 025/10 Eventuelt valte kontrollutvalet at det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonsprosjekt innan tenesteområdet teknisk sektor. Prosjektet vart gjeve tittel: ”Vurdere bemanning og ressursbruk på tenesteområdet teknisk sektor”

SEKOM-sekretariat har no utarbeidd eit utkast til tinging av oppdraget. Utkastet ligg ved. SEKOM-sekretariat har diskutert prosjektet med KRYSS-revisjon. KRYSS-revisjon er kalla inn til møtet i saka.

Etter vedtak i kontrollutvalet vil tinginga bli sendt til KRYSS-revisjon, som vil operasjonalisere og gje tilbakemelding på tinginga.

Vidare handsaming av prosjektet vil bli tilnærma som følgjande:

- Oversending av tinginga til KRYSS-revisjon.
- Tilbakemelding frå KRYSS-revisjon vedr. tingingsdokumentet med tidsplan for gjennomføring.
- Handsaming av tilbakemelding frå KRYSS-revisjon i kontrollutvalet.
- Innhenting av status gjennom prosessen.
- Fortlaufande tilbakemeldingar til kontrollutvalet.
- Fortlaufande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar med meir. Initiativ frå KRYSS.
- Levering av prosjekt KRYSS til SEKOM
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet.
- Handsaming av rapport i kommunestyret.
- Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak eit år etter vedtak i kommunestyret

Sekretariatet sine vurderingar:

Det vert vist til saksutgreiinga.

03/11 ORIENTERING – SKULE OG KULTURETATEN I GAULAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 26.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2011	03/11	-	Nei
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Gaular kommune den 14.09.2010.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- 008/09 "Kontrollutvalsarbeid – tiltak"
- 023/10

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orientering frå skule- og kulturetaten vert teken til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Orientering frå skule- og kulturetaten vert teken til vitande.

Saksutgreiing

ORIENTERING – SKULE OG KULTURETATEN I GAULAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering frå skule og kulturetaten i Gaular kommune.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 008/09 "Kontrollutvalsarbeid – tiltak" 11.02.2009 vart det bl.a. gjort vedtak om å innføre ordning med å kalle inn rådmannen for å få orientering om drifta på dei ulike områda i kommunen.

Administrasjonen i Gaular kommune er pr. brev 14.09.10 varsla om at ein vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet, og at ein førebur ei kort orientering om skule og kulturetaten i Gaular kommune.

Saka vart utsett i møtet 11.11.2010.

Sekretariatet sine vurderingar:

004/11 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I GAULAR 2011

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 03.01.2010

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	01.02.2010	004/11	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan 2011.
- Vedtak 117/10 formannskapet "Møteplan 2011"

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Gaular for 2011 vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Møte 28. april vert flytta til 15. mars.
- Møtet 8. november vert flytta til 25. oktober.
- Møteplan for kontrollutvalet i Gaular for 2011 vert etter dette godkjent.

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I GAULAR 2011

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Gaular for 2011.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2011 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL GAULAR KOMMUNE 2011

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL		1.	15.			8.				25.		
FORMANNSKAP	20.	15.	17.	12.	20.	9.		19.	12.-13.	21.	3.	8.
KOMMUNESTYRE			3.	29.		24.			28.			2.-20.

05/11 ÅRSMELDING 2010 FRÅ KONTROLLUTVALET I GAULAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 26.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	01.02.2011	05/11	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2010 frå kontrollutvalet.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommuneleva.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet i Gaular kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet i Gaular kommune vert godkjent.

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2010 FRÅ KONTROLLUTVALET I GAULAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet til kommunestyret

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til bystyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Gaular kommunestyre

ÅRSMELDING 2010 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Gaular kommune har i år 2010 vore samansett slik:

Medlemer:

Svein Myrmel (leiar)

Magnar Hellebust

Aud Inngunn Kvile (Reidun Skudal Amundsen 1. halvår)

Per Lien

Heidi Vallestad

Varamedlemer:

Steinar Ness

Gunnar Råheim

Joar Kirketeig

Mette Grytten

SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø og Asgeir Tveit har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2010.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2010 har kontrollutvalet i Gaular hatt fem møte der det er handsama i alt 25 saker.

Kontrollutvalet tinga i 2007 forvaltningsrevisjonsprosjektet: "Sjølvkostberekning – VAR-sektoren." Rapport for prosjektet vart handsama i møte i kontrollutvalet i februar 2010. Rapporten blei sendt vidare til kommunestyret med tilråding om vedtak.

Kontrollutvalet tinga i 2009 eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS. Denne blei gjennomført og levert av SEKOM-sekretariat i 2010. Dette var eit samarbeidsprosjekt med dei andre eigarkommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn. Rapporten vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

I 2010 har kontrollutvalet motteke møteinnkalling og møtereferat frå IKS Gaular kommune er medeigar i. Kontrollutvala har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar i selskap som er kommunalt eigde.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kontrollutvalet har også ved høve kalla inn rådmannen for å orientere om saker. Såleis har rådmannen vore i kontrollutvalet og orientert om følgjande:

- Skatteoppkrevjarfunksjonen i Gaular
- Etableringslån

I 2010 handsama kontrollutvalet nytt finansreglement i Gaular kommune og ga si fråsegn til Kommunestyret vedrørande dette.

Kontrollutvalet har i 2010 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.


Som faste saker på saklista har kontrollutvalet "Skriv og meldingar", "Oppfølgingsliste" og "Eventuelt".

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama "Møteplan for kontrollutvalet 2010, "Årsmelding 2009 frå kontrollutvalet" og "Årsrekneskapen 2009 for Gaular kommune".

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 4 med å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning gjennom å handsame sak om revisor si uavhengigheit og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Gaular den 1. februar 2011


Svein Myrnes
Leiar


Magnar Hellebust
Nestleiar


Aud Ingunn Kvile


Heidi Vallestad

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

06/11 VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 26.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2011	06/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av uavhengigheit, datert 04.01.11

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Det er kontrollutvalet sitt ansvar at ansvarleg revisor kvart år dokumenterer si uavhengigheit. Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Gaular kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 04.01.2011 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Det er kontrollutvalet sitt ansvar at ansvarleg revisor kvart år dokumenterer si uavhengigheit. Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Gaular kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 04.01.2011 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Saksutgreiing

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for Gaular kommune, har i brev datert 04.01.11 gjeve ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert si uavhengighet med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t uavhengighet og objektivitet overfor Gaular kommune.

**07/11 RAPPORTAR FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL –
FULLMAKT FRÅ KONTROLLUTVALET TIL Å LEGGJE UT PÅ HEIMESIDA TIL
FKT**

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 26.01.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	01.02.2011	07/11	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- E-post frå FKT til kontrollutvalet, datert 19.11.2010

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet godkjenner at Forum for Kontroll og Tilsyn får leggja ut kommunen sine revisjonsrapportar i PDF-format på heimesida si (www.ffkt.no).

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet godkjenner at Forum for Kontroll og Tilsyn får leggja ut kommunen sine revisjonsrapportar i PDF-format på heimesida si (www.ffkt.no).

Saksutgreiing

**RAPPORTAR FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL –
FULLMAKT FRÅ KONTROLLUTVALET TIL Å LEGGJE UT PÅ HEIMESIDA TIL
FKT**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Handsaming av rapport frå SEKOM-sekretariat om eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS.

Saksopplysningar:

Forum for Kontroll og Tilsyn ynskjer fullmakt frå kontrollutvalet om å få leggje ut forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar etter selskapskontroll på heimesidene sine.

I e-post av 19.11.2010 vert det vist til to pkt i rapporten frå KRD ”85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane.”:

Tilråding 55: Kontrollutvala bør leggje forvaltningsrevisjonsrapportar som er ferdigbehandla ut på nettet, så framt dei er offentlege.

Tilråding 56: Det bør vera rettleiing og arenaer for erfaringsutveksling der kontrollutvala og sekretariata kan få kunnskap om korleis dei kan gjere gode tingingar.

Det vert elles vist til e-posten frå FKT for nærare informasjon.

Kontrollutvalet må ta stilling til om dei vil gje FKT fullmakt til å leggje ut Bremanger kommune sine forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar etter selskapskontrollar på heimesidene til FKT.

Sekretariatet sine vurderingar:

08/11 OPPFØLGINGSLISTE 1-2011

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 26.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	01.02.2011	08/11	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2011 Gaular.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 1-2011 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet ber om at rapporten etter forvaltningsrevisjonsprosjektet "Sjølvkostberekningar VAR-sektoren" og rapporten etter eigarskapskontrollen i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS vert lagt fram for kommunestyret i førstkomande kommunestyremøte.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2011

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 26.01 2011.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2011 - Gaular.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gaular kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
08/09 Kontrollutvals-arbeid - tiltak	16.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	16.02.09: Vedtak KU vil innføre tiltak. 18.02.09 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Gjenstår å sende brev til KRYSS om tiltak.
009/10 Skatteoppkrevjarfunksjonen i Gaular.	31.05.10		31.05.10 Vedtak KU – KU uroa over at det ikkje er gjennomført kontrollar i 2009. KU kallar inn repr frå SKOF til neste møte. 31.05.10 Brev til Gaular kommune om KU-vedtak og innkalling til orienteringamøte. Sjå sak 17/10 Orientering skatteoppkrevjaren
012/10 Finansreglement Gaular kommune – fråsegn frå kontrollutvalet	31.05.10		31.05.10 Fråsegn til kommunestyret. 24.06.10 Finansreglement vedteke i kommunestyret.
013/10 Etableringslån	31.05.10		09.11.09 Vedtak KU – ynskjer oversikt over kva beløpet kr 551.667,46 består av. 11.11.09 Brev til Gaular kommune – ber om oversikt. 31.05.10: Vedtak KU – KU finn ikkje forklaring i årsm, vil på nytt be om oversikt. 31.05.10 Brev til Gaular kommune – puring. Sjå sak 20/10
014/10 Skriv og meldingar	07.09.10		07.09.10 Vedtak KU – Teke til vitande.
015/10 Budsjett for kontroll og tilsyn	07.09.10		07.09.10 Tilråding til kst 14.09.10 s Gaular
016/10 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren	07.09.10		07.09.10 Tilråding til kst 14.09.10 s Gaular
017/10 Orientering – skatteoppkrevjaren.	07.09.10		07.09.10 KU-ser behov for å auke ressursane til avd. 14.09.10 sendt kommunestyret.
018/10 Oppfølgingsliste 3-2010 – Gaular	07.09.10		07.09.10 Vedtak KU – teke til vitande.
019/10 Eventuelt	07.09.10		07.09.10 Vedtak KU – Kalle inn rådmannen for å få orientering om skule- og kulturetaten.
020/10 Etableringslån	07.09.10		07.09.10 Vedtak KU – KU tek orientering til vitande. 08.09.10 Brev frå Terje Guddal til Rådmann i Gaular.
021/10 Skriv og meldingar	11.11.10		11.11.10 Teken til vitande.
022/10 Rapport - Egarskapkontroll	11.11.10		11.11.10 Tilråding til kst. 12.11.10 Rapport oversendt til kommunestyret.
023/10 Orientering – Skule og kultursektoren.	11.11.10		11.11.10 Saka utsett til neste møte i KU 1. februar 2011.
024/10 Oppfølgingsliste 4-2010 – Gaular.	11.11.10		11.11.10 Oppfølgingsliste teken til vitande.
025/10 Eventuelt	11.11.10		11.11.10 KU gir SEKOM-sekretariat i oppgåve å utforme bestilling på forvaltningsrevisjon til neste møte – sjå på ”vurdere bemanning og resursbruk på tenesteområdet teknisk sektor..”
001/11 Skriv og meldingar			
002/11 Forvaltningsrevisjons-			

priusjekt – Vurdere bemanning og ressursbruk på tenesteområdet teknisk sektor – tinging.			
03/11 Orientering – Skulekulturetaten i Gaular.			
04/11 Møteplan 2011			
05/11 Årsmelding 2010			
06/11 Eigebnvurdering oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.			
07/11 Fullmakt til FKT om å få leggje ut rapportar på heimesida.			
08/11 Oppfølgingsliste 1-2011 Gaular.			
09/11 Eventuelt.			

Oppdatert 26.01.11

09/11 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 26.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2011	09/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Det vart teke opp sak om å kalle inn rådmannen for å orientere om teknisk sektor i neste møte.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.

010/11 ORIENTERING – TEKNISK SEKTOR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 01.02.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2011	10/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vart teken opp på møtet.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Rådmannen vert kalla inn til møtet i kontrollutvalet 15. mars 2011 for å orientere om teknisk sektor.